



STATENS DYREHELSETILSYN
Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane

Sakshandsamar - direkte innvalg :
- 55 36 38 42

e-post :trude.lien @dyrehelsetilsynet.no

Vår dato
17.01.03.
Arkivnr. :
741.1

Vår ref.
02-0701.003
Dykkar ref.
2002/16905/4 H/fe-1

Fiskeridirektoratet
Region Hordaland
Postboks 233
5804 Bergen

433

JAN 2003

02/16905 10

EVK

SØKNAD OM OPPDRETT AV MATFISK AV LAKS OG AURE -
Volumutviding

Skjærgårdsfisk A/S

Lokalitet : Toska Sør

Vi viser til søknad datert 24.01.2002, med vedlegg, oversendt frå Fiskeridirektoratet den 07.11.02., og til ønskje om endring av søknadshavar . Skjærgårdsfisk A/S overtek søknaden frå Seanor Salmon A/S .

Søknaden gjeld volumutviding på lokaliteten Toska Sør i Radøy kommune.

Radøy kommune har handsama søknaden og tilrådd etableringa 15.10.02.

Avstand til anna relevant oppdrettsverksemd m.m. innan ca. 5 km :

- ca. 3 km (matfisk av laks og aure i sjø, Skarpeneset)
- ca. 2 km (Iglo Manger AS, tilvirkingsanlegg for fisk)
- ca. 3 km (skjelanlegg i sjø, r-308)

Kvar konsesjon må disponere sine lokalitetar slik at drifta lokalt kan samordnast med andre konsesjonar, både for å sikre at lokalitetane vert lagt brakk ei tid før neste produksjonsperiode (*) og slik at større område, (t.d. ein fjord), kan brakkleggast i tilfelle utbrot av alvorleg smittsam sjukdom, (ILA).

Utsett og slakting av oppdrettsfisk skjer no heile året. Sjansen for at det skal oppstå sjukdom på ein lokalitet er større di lenger ein har samanhengande drift på lokaliteten. For å motverke dette, sett Fylkesveterinæren som krav at perioden med kontinuerleg drift på ein lokalitet, (= produksjonsperioden), ikkje skal overstige 2 år, og at alle lokalitetar med laksefisk må brakkleggast mellom kvar produksjonsperiode, jf. pkt. 4, 19 og 20 i vilkåra. Ein kan såleis sette ut smolt fleire gonger så lenge kravet til maksimal produksjonsperiode på lokaliteten er halde.

I medhald av § 7 i Lov av 13. Juni 1997 om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr, gjev Fylkesveterinæren for Hordaland, Sogn og Fjordane løyve til etablering av fiskeoppdrettsanlegg som spesifisert nedanfor :

Konsesjonshavar	:	Skjærgårfsfisk A/S
Adresse	:	
Konsesjonsnr.	:	H/R 001
Artar	:	Laks og aure
Type anlegg	:	Matfiskanlegg, merdanlegg i sjø.
Lokalitet	:	Toska Sør i Radøy kommune. Kartblad : 1116 II , UTM-koordinatar : KN 810 286
Volum	:	Inntil 24 000 m ³
Evt. tidsavgrensing	:	

Løyvet er gjeve på dei vilkår Fylkesveterinæren har sett, og på vilkår av at føresegnene i ovanfor nemnde lov blir fylgde. Den som har konsesjonen må sjølv bere eventuelle tap ved iverksetting av tiltak med heimel i lova, jf. §§ 23, 25 og 27, samd pkt. 14 og 15 i vilkåra.

Eit eksemplar av lova er lagt ved.

Generelle vilkår :

- Anlegget skal ha regelmessig helsekontroll i flg. krav veterinærstyresmaktene til kvar tid sett. Helseattestar, veterinærattestar, prøvesvar og annan dokumentasjon av helse skal lagrast på anlegget og kunne leggest fram for offentleg veterinær.
(Jf. Lov av om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr (Fiskesjukdomsloven), §§ 15 og 17, og Forskrift om etablering, drift og sjukdomsførebyggande tiltak ved oppdrettsanlegg (Drifts- og sjukdomsforskrifta), §§ 9 og 10).
- Biologisk materiale (rogn/ungel/setjefisk) som vert seld eller går ut av anlegget må oppfylle vilkår som veterinærstyresmaktene til kvar tid bestemmer, t.d. attest som dokumenterer opphav og helse, jf. pkt. 1.
Overføring av materiale som ikkje fyller alle helsekrav må berre skje etter løyve frå Fylkesveterinæren i mottaksfylket.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 15 og 17, og Drifts- og sjukdomsforskrifta §§ 9 og 10).
- Biologisk materiale som blir teke inn i anlegget må oppfylle vilkår som veterinærstyresmaktene til kvar tid bestemmer, t.d.. krav til helse- og opphavsattest.
Inntak av biologisk materiale som ikkje fyller alle helsekrav må berre skje etter løyve frå Fylkesveterinæren.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 15, og Drifts- og sjukdomsforskrifta §§ 9 og 10).
- Den som får løyvet må rette seg etter dei til kvar tid gjeldande reglar, m.a. krav om journalføring og eigenkontroll, evt. brakklegging og utsett etter samla plan.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 10, og Drifts- og sjukdomsforskrifta §§ 8, 9 og 20).
- Transport av oppdrettsfisk, både setjefisk og slaktefisk, skal skje i hht. *forskrift om transport av akvatiske organismar*.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 8, og *Forskrift om transport av akvatiske organismar*).
- Det må etablerast driftsrutiner som sikrar at personell og utstyr ikkje vert nytta på andre lokalitetar, eller i andre anlegg, utan å ha gjennomgått forskriftsmessig vask og desinfeksjon.

(Jf. Fiskesjukdomsloven § 18, og Drifts- og sjukdomsforskrifta § 14).

7. All daudfisk skal kvernast opp og ensilerast på anlegget og leverast til anlegg godkjend av Fylkesveterinæren.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 18, Drifts- og sjukdomsforskrifta §§ 6 og 17, og *Forskrift om transport av animalsk avfall og anlegg som behandler animalsk avfall* § 4).
8. Distriktsveterinæren kan når som helst føre tilsyn med anlegget og ta ut prøver ved mistanke om sjukdom eller i samband med offentleg dokumentasjonsprogram.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 6).
9. Anlegget skal straks varsle distriktsveterinæren ved mistanke om eller utbrot av smittsam sjukdom, auka dødelegheit, driftsuhell eller andre avvik i anlegget.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 5).
10. Ved utbrot av eller påvising av alvorleg, smittsam sjukdom på lokaliteten kan Fylkesveterinæren pålegge utslakting og/eller sanéring av heile, eller delar av, anlegget.
(Jf. Fiskesjukdomsloven §§ 23 og 25, og *Sjukdomsforskrifter for akvatiske organismar*, § 15 pkt. 7).
11. Ved evt. utbrot av eller påvising av meldepliktig sjukdom kan Fylkesveterinær / Distriktsveterinær gje spesielle pålegg om reingjering, desinfeksjon og brakklegging av anlegget.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 23, og *Sjukdomsforskrifter for akvatiske organismar*, §§ 14 og 15 pkt. 6 og 7).
12. Fylkesveterinæren kan, ved utbrot av alvorleg, smittsam sjukdom, pålegge restriksjonar på anlegg i nærare definerte geografiske soner.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 26, og *Sjukdomsforskrifter for akvatiske organismar*, § 15).
13. Søknad om eventuell dispensasjon frå desse vilkåra rettast til Fylkesveterinæren.
(Jf. Drifts- og sjukdomsforskrifta § 33 og *Sjukdomsforskrifter for akvatiske organismar*, § 16).
14. Fylkesveterinæren tek atterhald om endring av vilkåra / tilleggsvilkår.
(Jf. Fiskesjukdomsloven § 8, Drifts- og sjukdomsforskrifta § 34 og *Sjukdomsforskrifter for akvatiske organismar*, § 15 pkt. 7).

Spesielle vilkår :

15. Anlegget skal ha regelmessig helsekontroll, med minst 6 besøk per år, jf. pkt. 1.
Rapportar frå fiskehelsetenesta skal oppbevarast.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr* § 15, og Drifts- og sjukdomsforskrifta § 10).
16. All setjefisk som blir teke inn i anlegget skal ha gyldig «**Helse- og opphavsattest for levande laksefisk og rogn av slik fisk**», jf. pkt. 3.
Inntak av biologisk materiale utan gyldig attest, kan berre skje etter løyve frå Fylkesveterinæren.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr* § 15, og Drifts- og sjukdomsforskrifta § 10).
17. Fisk som er sett ut på lokaliteten skal ikkje flyttast før slakting utan løyve frå Fylkesveterinæren.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr* §§ 15 og 17, og Drifts- og sjukdomsforskrifta §§ 11, 16 og 17).
18. All setjefisk må vere vaksinert i flg. krav veterinærtyresmaktene til kvar tid sett.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr*, § 13, og *Forskrift om vaksinasjon av ferskvassfisk*).
19. Ein produksjonsperiode^(*) skal vare maksimalt 2 år.
Etter ein produksjonsperiode må utstyr og anlegg som ligg over vasslina, gjennomgå reingjering og desinfeksjon. Den del av anlegget som ligg under vasslina må minst reingjerast mekanisk.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr* § 16, Drifts- og sjukdomsforskrifta § 14 og *Forskrift om desinfeksjon av fiskeoppdrettsanlegg m.v.*, pkt. 2).
20. Lokaliteten skal ligge brakk ei tid før ny produksjonsperiode. Fylkesveterinæren / Distriktsveterinæren fastset brakkleggingstida.
(Jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr*, § 16, og Drifts- og sjukdomsforskrifta § 20 og *Forskrift om forebygging, begrensning og utrydding av sjukdomar hjå akvatiske organismar* § 15 pkt. 6 og 7).

(*) Ein **produksjonsperiode** definerast som «**periode med samanhengande drift på ein lokalitet**», d.v.s. frå det først vert sett ut smolt på ein lokalitet, til lokaliteten er utslakta. Ein produksjonsperiode skal vare **maksimalt 2 år**.


Brot på føresegner gjevne i lov og forskrifter, eller i medhald av desse, kan medføre tvangsmulkt, tvangstiltak eller straff, jf. *Lov om tiltak mot sjukdom hjå fisk og andre akvatiske dyr* §§ 27, 29 og 30.

Løyvet frå Fylkesveterinæren er ikkje gyldig før Fiskeridirektoratet har gjeve konsesjon for den omsøkte drifta.


Vedtaket kan påklagast innan 3 veker etter at avgjerd er motteke frå Fiskeridirektoratet.

Vi ber Fiskeridirektoratet vidareføre vedtaket i samband med handsaming av saka etter *Lov av 14. Juni 1985 om oppdrett av fisk, skaldyr m.v.*

Med helsing



Bjørn Thorson
Fylkesveterinær



Trude Lien
Veterinærinspektør

Vedlegg : - Lov av 13. Juni 1997 nr. 54 om tiltak ved sjukdom hjå akvatiske dyr.

Kopi til : - Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 7310, 5020 Bergen
- Distriktsveterinæren i Nordhordland